

---

Saksnr: 2020/60379-11  
Saksbehandlar: Kristin Arnestad  
Dato: 04.11.2020

---

---

Til: Hovudutval for næring  
Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næring

---

## Orientering om status - ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane

### Innhaldet i denne referatsaka

Vi orienterer her om oppfølginga av eit tilskot gitt frå fylkestinget i Sogn og Fjordane i juni 2019 på 15 mill. kr. til prosjektet *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane*. I vedlegg finn de dei aktuelle breva i saka til orientering.

### Om prosjektet

Lærdal Grønt søkte 12. april 2019 på vegne av Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik Fruktlager om 25 mill. kr. frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane*.

Bakgrunnen for prosjektet var krav frå marknaden som fører til at det må gjerast større investeringar for å henge med i den nasjonale og internasjonale konkurransen om marknadsdeler. Søknaden skisserte eit felles bygg på Håbakken i Lærdal, og samarbeid i eit fusjonert selskap.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fekk søknaden lagt fram i møte 4. juni 2019, i sak 31/19 Tertialrapport 1/2019. Fylkestinget gjorde vedtak om å gje eit tilskot til prosjektet på 15 mill. kr.

Etter klargjeringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregulverk blei endeleg tilskotsbrev til Eigedomsselskapet Vfg Eigedom AS skrive 4. desember 2019.

På dei ekstraordinære årsmøta 5. august stemde medlemmane i Sognefrukt og Lærdal Grønt ja til fusjonsavtalen, men medlemmane i Innvik Fruktlager stemde nei.

Nye ekstraordinære årsmøte i Sognefrukt og Lærdal Grønt vedtok å gå vidare med planane i tråd med den opphavslege intensjonen om å utvikle eitt felles regionalt pakkeri. Planane for bygget er dei same som skissert tidlegare, og kostnadsgrunnlaget som fylkeskommunen har støtta er det same.

Dei to partane som gjekk vidare med prosjektet bad om stadfesting på at prosjektet framleis var i tråd med vilkåra for tilskotet frå Vestland fylkeskommune. Sidan det ikkje var endringane i omfanget av investeringane knytt til eit felles nytt pakkeri, og at det er ope for at fleire blir med seinare så stadfesta vi at tilskotet står ved lag (vedlegg 1).

Innvik fruktlager har i etterkant bedt oss dele tilskotet på 15 mill. kr. i tre (vedlegg 2), noko vi har avvist då det ikkje er grunnlag for å endre og trekke attende det opphavslege tilskotet til felles infrastruktur til eit anna føremål/tilskot til dei einssilde fruktlagera (vedlegg 3). Innvik fruktlager har i etterkant klaga på dette brevet (vedlegg 4), men klagen er avvist då dei ikkje har klagerett i saka (vedlegg 5).

Vurderingane knytt til om det opphavslege tilskotet framleis står ved lag, høve til å gje administrativ tilbakemelding, og klagerett er drøfta med juridisk kompetanse i fylkeskommunen.

- Vedlegg 1, status og vidare framdrift regionalt pakkeri, brev frå VLFK datert 2.09.2020
- Vedlegg 2, brev frå Innvik Fruktlager SA sendt 15.09.2020
- Vedlegg 3, svar frå VLFK til Innvik Fruktlager SA datert 1.10.2020
- Vedlegg 4, klage frå Innvik Fruktlager SA datert 26.10.2020
- Vedlegg 5, Svar frå VLFK på klage frå Innvik Fruktlager SA datert 2.11.2020